



# Prop. 87 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal



## **Innhold**

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	5	<b>6</b>	<b>Bompengeopplegg .....</b>	17
<b>2</b>	<b>Bakgrunn og omtale av aktuelle prosjekt og tiltak .....</b>	5	<b>7</b>	<b>Styring av Bypakke Kristiansund .....</b>	18
<b>3</b>	<b>Lokalpolitisk handsaming .....</b>	9	<b>8</b>	<b>Fylkeskommunal garanti .....</b>	19
3.1	Kristiansund kommune .....	9			
3.2	Kristiansund kommune tilleggsvedtak .....	12	<b>9</b>	<b>Samferdselsdepartementet si vurdering .....</b>	19
3.3	Møre og Romsdal fylkeskommune .....	12	<b>10</b>	<b>Avtale .....</b>	19
<b>4</b>	<b>Trafikkgrunnlag .....</b>	16		<b>Forslag til vedtak om utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal .....</b>	
<b>5</b>	<b>Finansieringsopplegg .....</b>	16			21



# Prop. 87 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 4. april 2025,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om delvis bompengefinansiering av ei bypakke for Kristiansund (Bypakke Kristiansund), i tråd med vedtak frå lokale styresmakter og forslag til ei kostnadsramme for rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen, som er føresett 100 pst. finansiert med bompengar. Bypakke Kristiansund omfattar prosjekt og tiltak på riksveg, fylkesveg og kommunal veg som samla sett skal bidra til byutvikling og utvikling av transportløysingane i byen. Tiltaka skal òg leggje grunnlaget for at meir av veksten i persontransport kan takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

Samla økonomisk ramme for Bypakke Kristiansund er førebels rekna til om lag 2,2 mrd. kr. Finansieringa er basert på bompengar, statlege midlar til nokre mindre investeringstiltak og fylkeskommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgifta som staten refunderer til Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune for prosjekt og tiltak i bypakka.

I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at det skal etablerast to bomstasjonar på rv. 70 i Kristiansund, med tovegs innkrevjing av bompengar. Det er lagt til grunn ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år med oppstart av innkrevjinga i løpet av 2026. Utbygginga av prosjekt

og tiltak i bypakka skal styrast etter prinsippa for porteføljestyring.

### 2 Bakgrunn og omtale av aktuelle prosjekt og tiltak

Hovudtilkomst med bil og buss til Kristiansund by skjer via rv. 70. Trafikkbiletet på strekninga er prega av kødanningar i begge retningar. Næringstrafikken har i stor grad Kristiansund by som start- eller sluttspunkt. Tungbiltrafikken er i den samanhengen ei ekstra byrde for bymiljøet. Ei rekkje bustader langs rv. 70 er utsette for støy og luftforureining. Vegnettet for dei som går og syklar i Kristiansund er ikkje tilstrekkeleg samanhengande og trafikksikkert. Transportsystemet er lite tilrettelagt for kollektivtransport, som blir nytta av ein relativt liten del av innbyggjarane i Kristiansund.

Føremålet med Bypakke Kristiansund er å sørge for eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer. Bypakka skal òg medverke til ei attraktiv og berekraftig byutvikling der fleire skal sykle, gå og reise kollektivt.

Rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen er det største prosjektet i Bypakke Kristiansund og er føresett 100 pst. finansiert med bompengar, jf. Meld. St. 14 (2023–2024) Nasjonal transportplan

2025–2036. Det er lagt opp til anleggsstart for prosjektet i 2027.

Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring (KS2) av styringsgrunnlag og kostnadsoverslag for prosjektet rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen i tillegg til KS2 av finansieringsgrunnlag og underliggende føresetnader for finansieringsgrunnlaget av heile bypakka. I den samanheng har den eksterne konsulenten også gjort ei overordna vurdering av kostnadene for dei andre aktuelle prosjekta i bypakka.

Den eksterne konsulenten vurderer trafikkgrunnlaget i bomstasjonane som rimeleg estimert og finansieringsopplegget for Bypakke Kristiansund som robust. Det er vidare liten skilnad mellom vurderingane frå konsulenten og Statens vegvesen når det gjeld kostnader for tiltaka i bypakka. For prosjektet rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen foreslo Statens vegvesen opphavleg ei styringsramme på 1 065 mill. 2023-kr og ei kostnadsramme på 1 225 mill. 2023-kr. Ekstern kvalitetssikrar har tilrådd ei styringsramme på 1 144 mill. 2023-kr og ei kostnadsramme på 1 332 mill. 2023-kr. Skilnaden mellom den eksterne konsulenten og Statens vegvesen sine tilrådingar til styrings- og kostnadsramme gjeld i hovudsak uvisse knytt til modnaden i prosjektet og nyare referanseprisar. Statens vegvesen ser at etaten har vurdert uvissa knytt til desse forholda noko for lågt og føreslår at styrings- og kostnadsramma blir fastsett i tråd med forslaget frå konsulenten på 1 144 mill. 2023-kr og 1 332 mill. 2023-kr. Rekna om til 2025-prisnivå blir styringsramma 1 226 mill. kr og kostnadsramma 1 427 mill. kr. I Nasjonal transportplan 2025–2036 er prosjektet omtalt med ein kostnad på 1 100 mill. 2024-kr. Dette svarar til om lag 1 126 mill. 2025-kr. Styringsramma ligg med det 100 mill. 2025-kr over kostnaden som vart lagt til grunn for Nasjonal transportplan 2025–2036.

For dei andre prosjekta har konsulenten rekna kostnadene til 855 mill. 2023-kr, som er om lag 12 mill. 2023-kr høgare enn det Statens vegvesen har rekna. Årsaka til skilnaden i rekninga mellom konsulenten og Statens vegvesen er i hovudsak dyrare fylling i sjø og større usikkerheit i mengder. Statens vegvesen er samd i vurderingane frå konsulenten og tilrår at dette blir lagt til grunn i det vidare arbeidet med bypakka.

Belopa i denne proposisjonen blir presentert i 2025-kr. Tala som vart nytta, både i den lokalpolitiske handsaminga av bompengesaka og KS2, var i 2023-prisnivå. Ved omrekning frå 2023-kr til 2024-kr er Statistisk sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for veganlegg nytta. Denne kan også nyttast ved prisjusteringa av takstane fram til bompenge-

innkrevjingga startar. Ved omrekning frå 2024-kr til 2025-kr er det nytta ein førebels indeks på 4,5 pst. Endelige indeksar frå Statistisk sentralbyrå vil bli nytta ved prisomrekning til prisnivået i det aktuelle året, etter kvart som desse ligg føre. Som grunnlag for seinare prisomrekning blir prisnivået i 2023 nytta som referanse.

Bypakke Kristiansund er sett saman av veg-, gang-, sykkel- og kollektivtiltak innanfor ei økonomisk ramme på om lag 2,0 mrd. 2023-kr. Rekna om til 2025-prisnivå utgjer den økonomiske ramma om lag 2,2 mrd. kr.

Hovudelementa i bypakka er fem tiltak på riksveg som skal leggje til rette for betre framkomme, fem tiltak på fylkeskommunalt vegnett som skal leggje betre til rette for kollektivreisande og elleve tiltak på kommunalt vegnett som inneholder utbetringstiltak for mjuke trafikantar. Midlar til planlegging er føresett dekte innanfor ramma til dei enkelte prosjekta i bypakka. Ei samla framstilling av prosjektporføljen går fram av tabell 2.1.

Prosjekta i porteføljen til Bypakke Kristiansund er nærmere omtalt under. Dei fleste prosjekta går fram av figur 2.1. Det er lagt opp til anleggsstart på dei høgst prioriterte prosjekta i løpet av 2026/2027.

#### *Tiltak på riksveg*

##### *Rundkjøring/undergang rv. 70 Trollsvingen/Røsslyngveien og kollektivfelt Goma–Atlanten*

Tiltaket vil gi auka trafikktryggleik for gåande og syklande, spesielt gjennom å leggje til rette for trygg skuleveg til nye Folkeparken skule på Goma. Tiltaket vil også gi betre trafikkavvikling, spesielt for kollektivtransporten. Tiltaket blir dekt av gjeldande reguleringsplan for Atlanten–Røsslyngveien, som vart vedteken i 2011, og reguleringsplan i samband med ny Goma skule frå 2023.

##### *Rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen*

Tiltaket skal bidra til å fremje miljøvenleg transport gjennom å frigjøre vegkapasitet til buss og å leggje til rette for gåande og syklistar. I tillegg vil prosjektet gi betre framkomst, redusert reisetid og betre trafikktryggleik. Det blir lagt opp til anleggsstart for prosjektet i 2027. Tiltaket omfattar 1,4 km firefelts veg med kollektiv- og sambruksfelt og 1,4 km sykkelveg med fortau. For å utnytte kapasitetsauken på strekninga vil to av felta på ny firefelts veg bli nytta til kollektiv- og sambruksfelt. Gang- og sykkelloysinga med sykkelveg og fortau inneholder totalt fire planfrie kryssingar av rv. 70,

Tabell 2.1 Oversikt over prosjektopporteføljen for Bypakke Kristiansund

Prioritet	Tiltak	Vegeigar	Estimert kostnad etter KS2 i mill. 2023-kr	Estimert kostnad etter KS2 i mill. 2025-kr
1	Rundkøring/undergang rv. 70 Trollsvingen/Røsslyngveien og kollektivfelt Goma-Atlanten <sup>1</sup>	Stat	168	180
2	Rv. 70 Vikansvingen-Kontrollplassen <sup>1</sup>	Stat	1 144	1 226
3	Busstopp i Langveien («Bedehuset»).	Fylke	2	2
4	Opprusting av haldeplassar og ramper på strekninga Melvika-flyplassen.	Fylke	15	16
5	Opprusting av haldeplassar og ramper i Nergata/Omagata.	Fylke	8	9
6	Seivikveien: Oppgradering busstoppa i Byskogen	Fylke	2	2
7	Sanntidsskilt/investeringstiltak som aukar kollektivtransporten sin attraktivitet. <sup>2</sup>	Fylke	20	21
8	Utbetring av dei trafikale tilhøva ved sjukehuset	Kommune	3	3
9	Utbetring skuleveg Røsslyngveien	Kommune	11	12
10	Rv. 70 Rensvik undergang-Rensvikkrysset (eks. rv. 70 Rensvikholmen gangbru) <sup>1</sup>	Stat	418	448
11	Rv. 70 Rensvikholmen gang- og sykkelbru <sup>1</sup>	Stat	118	126
12	Rv. 70 Persløkka gang- og sykkelbru <sup>1</sup>	Stat	36	39
13	Kombinert parkeringsplass Atlanten/Folkeparken/Røsslyngveien	Kommune	5	5
14	Utbetring Godhaugveien ved Frei ungdomsskule	Kommune	7	7
15	Utbetring av sykkeltrase Freiveien	Kommune	11	12
16	Tilrettelegging for gåande og syklistar ved trafikkmaskin Goma	Kommune	7	7
17	Forlenge gang-/sykkelveg frå kyrkja til H. Brinchm. vei	Kommune	3	3
18	Samband Campus-Normoria	Kommune	9	10
19	Enkle strakstiltak, trafikktryggleik <sup>2</sup>	Kommune	5	5
20	Betre busshaldeplassar <sup>2</sup>	Kommune	4	4
21	Sykkeltiltak på sambandet Holmfjæra-Atlanten	Kommune	3	3
<b>Sum prioriterte prosjekt</b>			<b>1 999</b>	<b>2 141</b>
Kjøp av innkrevjingsutstyr og etablering av bomstasjonar			8	8
Administrasjon av bypakka			10	11
<b>Sum totalt</b>			<b>2 017</b>	<b>2 160</b>

<sup>1</sup> Inkludert kostnader til reguleringplanlegging som allereie er finansiert<sup>2</sup> Ikke vist i figur 2.1.

Kjelde: Statens vegvesen



Figur 2.1 Oversiktskart over Bypakke Kristiansund

Kjelde: Statens vegvesen

med tre gang- og sykkelbruer langs traseen og undergang for gående og syklistar i tilknyting til nye busstopp ved både Vikansvingen og Kontrollplassen. Reguleringsplan for prosjektet vart vedteken av bystyret i Kristiansund 27. august 2020. Etter motsegn frå statsforvaltaren i Møre og Romsdal i februar 2021 vart det valde alternativet «veg i dagen» godkjent av Kommunal- og distriktsdepartementet i januar 2022.

#### Rv. 70 Rensvik undergang–Rensvikkrysset

Tiltaka ny undergang ved Rensvik og nytt Rensvikkryss ligg etter ferdigstilling fullt og heilt på eksisterande vegar. Samla bidrar desse tiltaka til eit meir trafikksikkert og samanhengande gang- og sykkelvegnett i Rensvikområdet. Reguleringsplan for undergang ved Rensvik og Rensvikkrysset vart vedteken høvesvis i 2014 og 2019.

#### Rv. 70 Rensvikholmen gang- og sykkelbru

Tiltaket vil bidra til et meir trafikksikkert og samanhengande gang- og sykkelvegnett mellom

Rensvikområdet og sentrumsnære område og arbeidsplassar.

Reguleringsplanen for tiltaket vart vedteken av bystyret i Kristiansund kommune i 2019, som den nordre delen av reguleringsplanen for rv. 70 Rensvikkrysset–Rensvikholmen.

#### Rv. 70 Persløkka gang- og sykkelbru

Tiltaket vil bidra til eit meir trafikksikkert og kvalitetsmessig betre gang- og sykkelvegnett mellom Dale-området og sentrumsnære område og arbeidsplassar. Reguleringsplan for prosjektet vart vedteken i 2020, som ein del av reguleringsplanen for rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen.

#### Tiltak på kommunal veg

Byutviklings- og kollektivtiltak på dei kommunale vegane i bypakka består av mange mindre tiltak med stor effekt på Kirklandet, Gomalandet, Nordlandet og nordre del av Freiøya. Enkle trafikktryggleikstiltak retta mot gående og syklande er døme på dette.

Tiltaka er primært retta mot mjuke trafikantar, anten som trafikktryggleiks-, sykkel- eller kollektivtiltak. Mellom anna gjeld dette utbetring av trafikale tilhøve ved sjukehuset, samanhengande gang-/sykkelveg i sentrum i samband med nytt Campus og nytt kulturhus, og fleire andre mindre gang-/sykkelveg tiltak spreidd rundt innanfor det geografiske området til bypakka. Tiltaka vil samla sett leggje betre til rette for gåande, syklande og kollektivreisande.

Det er i samråd med Kristiansund kommune lagt på eit generelt påslag for uvisse på 30 pst. på rekna kostnad på alle dei kommunale tiltaka i bypakka. Dette er gjort for å ta omsyn til uvisse knytt til plannivå for prosjekta.

Kristiansund kommune hadde i sitt prinsippvedtak eit ønske om å utgreie om gratis sundbåt mellom Kirklandet, Innlandet, Nordlandet, Melvik og Gomalandet kunne inngå i bypakka, og i tillegg utviding av parkeringshus/-plassar ved Sundbåtkaiene. Dette har Statens vegvesen gitt tilbakemelding om at ikkje kan finansierast som ein del av bypakka, og dette vart derfor teke ut av det vidare arbeidet med porteføljen. Sundbåt er inkludert i trafikkberekingane som er gjort i samband med utgreiinga.

#### *Tiltak på fylkeskommunal veg*

Dei fylkeskommunale investeringstiltaka skal bidra til å leggje betre til rette for dei som reiser kollektivt ved at fleire haldeplassar og ramper får universell utforming gjennom ei opprusting av ei rekkje busstopp på fylkesvegnettet.

Desse tiltaka har spesielt stor effekt på Kirklandet og Nordlandet, men har også stor effekt på det samla fylkeskommunale vegnettet i Kristiansund. Investeringstiltaka omfattar å setje opp skilt som opplyser om avgangstider og eventuelle forseinkingar på buss, og andre investeringstiltak som bidreg til å leggje betre til rette for kollektivreisande. Kostnadsestimata for tiltaka på

fylkeskommunal veg er baserte på erfaringstal. Det er lagt til grunn at tiltaka kan setjast i gang utan utarbeiding av reguleringsplan.

#### *Andre tiltak og kostnader*

I porteføljen er det sett av midlar til Statens vegvesen si planlegging og etablering av bomstasjonar og bompengeselskapet sine kostnader til kjøp av innkrevjingsutstyr. Vidare er det sett av midlar til administrasjon av bypakka som skal dekkje direkte kostnader til arbeidet med porteføljestyring.

#### *Marginalliste til prosjektporføljen*

Viss det innanfor rammene av bypakka blir mogleg å gjennomføre fleire prosjekt enn dei prioriterte tiltaka i tabell 2.1, er det lagt til grunn at tiltak frå marginallista kan gjennomførast, jf. vedtakspunkt 4 i dei lokalpolitiske vedtaka.

### **3 Lokalpolitisk handsaming**

Bypakke Kristiansund vart lokalpolitisk handsama i bystyret i Kristiansund kommune i april 2024, med eit tilleggsvedtak i august 2024, og i fylkestinget i Møre og Romsdal fylkeskommune i juni 2024. Pkt. 1–14 i vedtaka er likelydande. Møre og Romsdal fylkesting har i tillegg gjort vedtak om å stille garanti for bypakka (pkt. 15–23).

#### **3.1 Kristiansund kommune**

Bystyret i Kristiansund kommune handsama saka 18. april 2024 og gjorde dette vedtaket (sak 36/24):

##### *Kristiansund kommune slutter seg til:*

1. *Det blir etablert en bypakke for Kristiansund (Bypakke Kristiansund) med en prosjektporfølje i prioritert rekkefølge som ser slik ut:*

Prioritet	Tiltak	Vegeier	Beregnet finansieringsbehov i mill. 2023-kr
1	Rundkjøring/undergang rv. 70 Trollsvingen / Røsslyngveien og kollektivfelt Goma – Atlanten	Stat	152
2	Rv. 70 Vikansvingen – Kontrollplassen	Stat	1 057
3	Busstopp i Langveien («Bedehuset»)	Fylke	2
4	Opprusting av holdeplasser og ramper på strekninga Melvika – flyplassen	Fylke	15

Prioritet	Tiltak	Vegeier	Beregnet finansieringsbehov i mill. 2023-kr
5	Opprusting av holdeplasser og ramper i Nergata/Omagata	Fylke	8
6	Seivikveien: Oppgradering busstoppene i Byskogen	Fylke	2
7	Sanntidsskilt/investeringstiltak som øker kollektivtrafikken sin attraktivitet.	Fylke	20
8	Utbedring av trafikale forhold v. sykehuset	Kommune	3
9	Utbedring skolevei Røsslyngveien	Kommune	11
10	Rv. 70 Rensvik undergang – Rensvikkrysset (eks. rv. 70 Rensvikholmen g/s-bru)	Stat	400
11	Rv. 70 Rensvikholmen g/s-bru	Stat	105
12	Rv. 70 Persløkka g/s-bru	Stat	28
13	Kombinert parkeringsplass Atlanten/Folkeparken/Røsslyngveien	Kommune	5
14	Utbedring Godhaugveien ved Frei U-skole	Kommune	7
15	Utbedring av sykkeltrase Freiveien	Kommune	11
16	Tilrettelegging for g/s ved trafikkmaskin Goma	Kommune	7
17	Forlenge gang/sykkelvei fra kirka til H. Brinchm. vei	Kommune	3
18	Forbindelse Campus – Normoria	Kommune	9
19	Enkle strakstiltak, trafiksikkerhet	Kommune	5
20	Bedre bussholdeplasser	Kommune	4
21	Sykkeltiltak på forbindelsen Holmfjæra Atlanten	Kommune	3
<i>Sum prioriterte prosjekter</i>			<i>1 854</i>
<i>Etablering av bomstasjoner</i>			<i>4</i>
<i>Administrasjon av bypakken</i>			<i>10</i>
<b>SUM TOTALT</b>			<b>1 868<sup>1</sup></b>

<sup>1</sup> Supalt avviker marginalt i forhold til sum delprosjekt. Dette skyldes avrunding av tall til hele mill. kr.

2. Det legges til grunn en prosjektportefølje med et samlet finansieringsbehov som foreløpig er beregnet til om lag 1,9 mrd. 2023-kr. Finansieringen av Bypakke Kristiansund er basert på innkreving av bompenger, fylkeskommunale midler og statlige tilskudd. Bompengebidraget er foreløpig beregnet til å utgjøre om lag 1,5 mrd. 2023-kr.
3. En eventuell økning i forventede kostnader for prosjektene i bypakkenes portefølje før behandling i Stortinget, som følge av for eksempel ekstern kvalitetssikring (KS2), kan finansieres med bompenger innenfor de ram-

mene av gjennomsnittstakst og øvrige forutsetninger som er vedtatt lokalt. Dette for å sikre at den vedtatte porteføljen blir dimensjonert til den forventede inntektsstrømmen i bypakken.

4. Bypakke Kristiansund skal styres etter prinsippene for porteføljestyring.

Porteføljestyring innebærer at omfanget av utbyggingen må tilpasses til tilgjengelige inntekter i pakken. Dersom økonomien i bypakken blir dårligere enn forventet og/eller enkelte prosjekter blir dyrere enn opprinnelig beregnet, er Kristiansund kommune/ Møre

*og Romsdal fylkeskommune enige i at det må kuttes i den vedtatte prosjektopporteføljen. Dersom økonomien i bypakken blir bedre enn forventet og/eller enkelte prosjekter blir rimeligere enn opprinnelig beregnet er det lagt til*

*grunn at tiltak fra marginalliste, i tabell under, kan gjennomføres. Alternativt kan takstene og/eller innkreivingsperioden bli redusert, under forutsetning av at bomelskapets låneforpliktelser er oppfylt.*

Prioritet	Bydel	Beskrivelse tiltak	Målgruppe	Vegeier	Beregnet finansieringsbehov i mill. 2023-kr
1	Nordlandet	Utbedre kryss mellom rv. 70 og fv. 680 (Seivikakrysset)	Alle trafikanter	Stat	42
2	Nordlandet	Snarvei Nordmørsveien – Verkst.- Omag	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	7
3	Nordlandet	Fortau industriveien fra rundkjøring mot Varde	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	4
4	Nordlandet	Snarvei til riksveien mellom Industriveien 7 og 9 (West elektro og Varde)	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	5
5	Nordlandet	Nytt fortau Rørgata og snarvei til Nordmørsveien	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	5
6	Kirkelandet sør	Forlenge sykkelfelt Clausens gate	Sykkel	Kommune	3
7	Kirkelandet nord	Ny viadukt i Brunsvika	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	80
8	Nordlandet	Fortau Industriveien mellom Futura og Røssern	Gange	Kommune	3
9	Goma-landet	Sykkelfelt i Bentnesveien	Sykkel	Kommune	14
10	Kirkelandet nord	Sykkelfelt Hagb. Brinchmannsvei (nordre del)	Sykkel	Kommune	14
11	Innlandet	Snuplass for buss ved Jutvika	Kollektiv	Kommune	4
12	Alle	Supplering hovednett sykkel	Sykkel	Kommune	N/A

5. Det legges til grunn at styringsgruppen for bypakken prioriterer prosjekter innenfor rammene som blir fastsatt i stortingsprosjektionen for pakken. Det er etablert en styringsgruppe og ett felles sekretariat for planlegging og gjennomføring av Bypakke Kristiansund, hvor Kristiansund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen er likeverdige parter. Styringsgruppen ledes av Kristiansund kommune, som også representerer pakken utad.
6. Det legges til grunn en lokal egenandel på minst 20 prosent av investeringer på kommunale og fylkeskommunale veier, beregnet av

- investeringsbeløp eksklusiv merverdiavgift. Tidligere har Møre og Romsdal fylkeskommune vedtatt å bidra med 2,5 prosent av bypakkens størrelse. Dette er foreløpig beregnet til om lag 38 mill. 2023-kr. Egenandelen kan ikke finansieres med bompenger.
7. All refusjon av merverdiavgift på fylkeskommunale/kommunale prosjekter skal gå til finansiering av prosjektene i bypakken.
8. Det etableres to automatiske bomstasjoner på rv. 70, med innkreving i begge retninger:
  1. Nordsundet bru – bomstasjon plasseres nærmest mulig Nordsundet bru, der ny og gammel veg møtes.

2. Omsundet bru – bomstasjon plasseres i tilknytning til Omsundet bru, i området der ny bru møter ny gang-/sykkelbru.
9. Det legges til grunn innkreving av bompenger i inntil 15 år.
10. Fritaksordninger er forutsatt å følge til enhver tid gjeldende nasjonale takstretningslinjer. Per i dag er følgende gjeldende:
  - a- Uniformerte og sivile utrykningskjøretøy.
  - b. Kollektivtransportkjøretøy i rute
  - c. Forflytningshemmede med parkeringsbevis
11. Rabatter er forutsatt å følge til enhver tid gjeldende nasjonale takstretningslinjer, som forutsetter gyldig brukeravtale og brikke med en AutoPASS-utsteder. Følgende rabatter legges til grunn i Bypakke Kristiansund:
  - a. Kjøretøy i takstgruppe 1 får 20 prosent rabatt. Kjøretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
  - b. Det legges til grunn at nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 som hovedregel skal ha minste rabatt som er tillatt i forhold til enhver tids gjeldende takstretningslinjer for bompengeprosjekter:
    - i. I takstgruppe 1 får nullutslippskjøretøy 30 prosent rabatt etter fratrekks av brikkerabatt. Rabatten gjelder også el-varebiler (N1).
    - ii. I takstgruppe 2 får nullutslippskjøretøy 100 prosent rabatt av ordinær takst. Rabatten gjelder også gasskjøretøy (GA).
  - c. Det innføres et passeringstak på 60 betabare passeringer per kalendermåned. Ordningen gjelder kjøretøy i både takstgruppe 1 og 2.
  - d. Kjøretøy i takstgruppe 2 skal betale det dobbelte av grunntaksten for kjøretøy i takstgruppe 1.
  - e. Personbiler med tillatt totalvekt over 3 500 kg registrert i kjøretøykategori M1 i Autosys med gyldig brukeravtale og brikke, får takst som kjøretøy i takstgruppe 1.
12. Det et legges til grunn en ordning med timesregel som innebærer at det belastes for kun en passering per kjøretøy innenfor en periode på inntil en time, der tidsrommet starter ved den første registrerte passeringen. Ordningen omfatter begge bomsnittene, og gjelder både takstgruppe 1 og 2. Det er ikke krav om gyldig brukeravtale og brikke med en AutoPASS-utsteder.
13. Det legges til grunn en gjennomsnittstakst for Bypakke Kristiansund på inntil 17 kr i 2023-

prisnivå. Gjennomsnittstaksten skal prisjusteres med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til bompengenakkrevingen starter opp. I innkrevingssperioden skal gjennomsnittstaksten justeres med SSB sin konsumprisindeks.

På bakgrunn av forventet trafikksamsetning er det foreløpig beregnet følgende grunntakster i 2023- kr:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Grunntakst	32	64

14. Bompengeselskapet Vegamot får fullmakt til å prisjustere gjennomsnittstaksten i innkrevingstiden i samsvar med SSB sin konsumprisindeks uten ytterligere lokalpolitisk behandling. Bompengeselskapet får videre fullmakt til å øke gjennomsnittstaksten opp til fastsatt gjennomsnittstakst ved behov i hele innkrevingssperioden, uten ytterligere lokalpolitisk behandling.

Under møtet har representantane fra Venstre kome med forslag om gratis buss for barn, studenter, minstepensjonistar og uføre, finansiert av staten eller bompengar, samt forslag om omprioriteringar av prosjekt i bypakka si portefølje. Som tillegg til punkta 1–14 vedtok bystyret at ovanfremnde forslag frå Venstre skulle sendast til styringsgruppa for vidare handsaming.

### 3.2 Kristiansund kommune tilleggsvedtak

Bystyret i Kristiansund kommune handsama 29. august 2024 i sak 94/24 *Anmodning om tilleggsvedtak sak 36/24 Bypakke Kristiansund* og gjorde dette vedtaket:

Bystyret i Kristiansund viser til at styringsgruppen for Bypakke Kristiansund og Statens vegvesen har vurdert bystyrets oversendelsesforslag om gratis buss for barn, studenter, minstepensjonister og uføre finansiert av staten eller bompengar, samt bystyrets oversendelsesforslag om omprioriteringer av prosjekter i bypakkens portefølje. Bystyret opphever med dette de nevnte oversendelsesforslagene og slutter seg til vedtakspunktene 1– 14, slik de fremgår av sak 36/24, uten tilleggspunkter.

### 3.3 Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkestinget i Møre og Romsdal handsama saka 10. juni 2024 og gjorde dette vedtaket (PS 23/24):

*Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til at:*

1. *Det blir etablert ei bypakke for Kristiansund (Bypakke Kristiansund) med en prosjektopportefølje i prioritert rekkefølge som ser slik ut:*

Prioritet	Tiltak	Vegeier	Beregnet finansieringsbehov i mill. 2023-kr
1	<i>Rundkjøring/undergang rv. 70 Trollsvingen / Røsslyngveien og kollektivfelt Goma – Atlanten</i>	Stat	152
2	<i>Rv. 70 Vikansvingen – Kontrollplassen</i>	Stat	1 057
3	<i>Busstopp i Langveien («Bedehuset»)</i>	Fylke	2
4	<i>Opprusting av holdeplasser og ramper på strekninga Melvika – flyplassen</i>	Fylke	15
5	<i>Opprusting av holdeplasser og ramper i Nergata/Omagata</i>	Fylke	8
6	<i>Seivikveien: Oppgradering busstoppene i Byskogen</i>	Fylke	2
7	<i>Sanntidsskilt/investeringstiltak som øker kollektivtrafikken sin attraktivitet.</i>	Fylke	20
8	<i>Utbedring av trafikale forhold v. sykehuset</i>	Kommune	3
9	<i>Utbedring skolevei Røsslyngveien</i>	Kommune	11
10	<i>Rv. 70 Rensvik undergang – Rensvikkrysset (eks. rv. 70 Rensvikholmen g/s-bru)</i>	Stat	400
11	<i>Rv. 70 Rensvikholmen g/s-bru</i>	Stat	105
12	<i>Rv. 70 Persløkka g/s-bru</i>	Stat	28
13	<i>Kombinert parkeringsplass Atlanten/Folkeparken/ Røsslyngveien</i>	Kommune	5
14	<i>Utbedring Godhaugveien ved Frei U-skole</i>	Kommune	7
15	<i>Utbedring av sykkeltrase Freiveien</i>	Kommune	11
16	<i>Tilrettelegging for g/s ved trafikkmaskin Goma</i>	Kommune	7
17	<i>Forlenging gang/sykkelvei fra kirka til H. Brinchm. vei</i>	Kommune	3
18	<i>Forbindelse Campus – Normoria</i>	Kommune	9
19	<i>Enkle strakstiltak, trafiksikkerhet</i>	Kommune	5
20	<i>Bedre bussholdeplasser</i>	Kommune	4
21	<i>Sykkeltiltak på forbindelsen Holmfjæra Atlanten</i>	Kommune	3
<i>Sum prioriterte prosjekter</i>			<i>1 854</i>
<i>Etablering av bomstasjoner</i>			<i>4</i>
<i>Administrasjon av bypakken</i>			<i>10</i>
<b>SUM TOTALT</b>			<b>1 868<sup>1</sup></b>

<sup>1</sup> Sum totalt avviker marginalt i forhold til sum delprosjekt. Dette skyldes avrunding av tall til hele mill. kr.

2. Det legges til grunn en prosjektportefølje med et samlet finansieringsbehov som foreløpig er beregnet til om lag 1,9 mrd. 2023-kr. Finansieringen av Bypakke Kristiansund er basert på innkreving av bompenger, fylkeskommunale midler og statlige tilskudd. Bompengenbidraget er foreløpig beregnet til å utgjøre om lag 1,5 mrd. 2023-kr.
3. En eventuell økning i forventede kostnader for prosjektene i bypakkens portefølje før behandling i Stortinget, som følge av for eksempel ekstern kvalitetssikring (KS2), kan finansieres med bompenger innenfor de rammenes av gjennomsnittstakst og øvrige forutsetninger som er vedtatt lokalt. Dette for å sikre at den vedtatte porteføljen blir dimensjonert til den forventede inntektsstrømmen i bypakken.

4. Bypakke Kristiansund skal styres etter prinsippene for porteføljestyring.

Porteføljestyring innebærer at omfanget av utbyggingen må tilpasses til tilgjengelige inntekter i pakken. Dersom økonomien i bypakken blir dårligere enn forventet og/eller enkelte prosjekter blir dyrere enn opprinnelig beregnet, er Kristiansund kommune/ Møre og Romsdal fylkeskommune enige i at det må kuttes i den vedtatte prosjektporteføljen. Dersom økonomien i bypakken blir bedre enn forventet og/eller enkelte prosjekter blir rimeligere enn opprinnelig beregnet er det lagt til grunn at tiltak fra marginalliste, i tabell under, kan gjennomføres. Alternativt kan takstene og/eller innkrevingssperioden bli redusert, under forutsetning av at bomselskapets låneforpliktelser er oppfylt.

Prioritet	Bydel	Beskrivelse tiltak	Målgruppe	Vegeier	Beregnet finansieringsbehov i mill. 2023-kr
1	Nordlandet	Utbedre kryss mellom rv. 70 og fv. 680 (Seivikakrysset)	Alle trafikanter	Stat	42
2	Nordlandet	Snarvei Nordmørsveien – Verkst.- Omag	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	7
3	Nordlandet	Fortau industriveien fra rundkjøring mot Varde	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	4
4	Nordlandet	Snarvei til riksveien mellom Industriveien 7 og 9 (West elektro og Varde)	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	5
5	Nordlandet	Nytt fortau Rørgata og snarvei til Nordmørsveien	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	5
6	Kirkelandet sør	Forlenge sykkelfelt Clausens gate	Sykkel	Kommune	3
7	Kirkelandet nord	Ny viadukt i Brunsvika	Kollektiv/gange/sykkel	Kommune	80
8	Nordlandet	Fortau Industriveien mellom Futura og Røssern	Gange	Kommune	3
9	Goma-landet	Sykkelfelt i Bentnesveien	Sykkel	Kommune	14
10	Kirkelandet nord	Sykkelfelt Hagb. Brinchmannsvei (nordre del)	Sykkel	Kommune	14
11	Innlandet	Snuplass for buss ved Jutvika	Kollektiv	Kommune	4
12	Alle	Supplering hovednett sykkel	Sykkel	Kommune	N/A

5. Det legges til grunn at styringsgruppen for bypakken prioriterer prosjekter innenfor rammene som blir fastsatt i stortingsprosjeksjonen for pakken. Det er etablert en styringsgruppe og ett felles sekretariat for planlegging og gjennomføring av Bypakke Kristiansund, hvor Kristiansund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen er likeverdige parter. Styringsgruppen ledes av Kristiansund kommune, som også representerer pakken utad.
6. Det legges til grunn en lokal egenandel på minst 20 prosent av investeringer på kommunale og fylkeskommunale veier, beregnet av investeringsbeløp eksklusiv merverdiavgift. Tidligere har Møre og Romsdal fylkeskommune vedtatt å bidra med 2,5 prosent av bypakkens størrelse. Dette er foreløpig beregnet til om lag 38 mill. 2023-kr. Egenandelen kan ikke finansieres med bompenger.
7. All refusjon av merverdiavgift på fylkeskommunale/kommunale prosjekter skal gå til finansiering av prosjektene i bypakken.
8. Det etableres to automatiske bomstasjoner på rv. 70, med innkreving i begge retninger:
- Nordsundet bru – bomstasjon plasseres nærmest mulig Nordsundet bru, der ny og gammel veg møtes.
  - Omsundet bru – bomstasjon plasseres i tilknytning til Omsundet bru, i området der ny bru møter ny gang-/sykkelbru.
9. Det legges til grunn innkreving av bompenger i inntil 15 år.
10. Fritaksordninger er forutsatt å følge til enhver tid gjeldende nasjonale takstretningslinjer. Per i dag er følgende gjeldende:
- Uniformerte og sivile utrykningskjøretøy.
  - Kollektivtransportkjøretøy i rute
  - Forflytningshemmede med parkeringsbevis
11. Rabatter er forutsatt å følge til enhver tid gjeldende nasjonale takstretningslinjer, som forutsetter gyldig brukeravtale og brikke med en AutoPASS-utsteder. Følgende rabatter legges til grunn i Bypakke Kristiansund:
- Kjøretøy i takstgruppe 1 får 20 prosent rabatt. Kjøretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.
  - Det legges til grunn at nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 som hovedregel skal ha minste rabatt som er tillatt i forhold til enhver tids gjeldende takstretningslinjer for bompengeprosjekter.
- i. I takstgruppe 1 får nullutslippskjøretøy 30 prosent rabatt etter fratrekks av brikkerabatt. Rabatten gjelder også el-varebiler (N1).
- ii. I takstgruppe 2 får nullutslippskjøretøy 100 prosent rabatt av ordinær takst. Rabatten gjelder også gasskjøretøy (GA).
- c. Det innføres et passeringstak på 60 betalbare passeringer per kalendermåned. Ordningen gjelder kjøretøy i både takstgruppe 1 og 2.
- d. Kjøretøy i takstgruppe 2 skal betale det dobbelte av grunntaksten for kjøretøy i takstgruppe 1.
- e. Personbiler med tillatt totalvekt over 3 500 kg registrert i kjøretøykategori M1 i Autosys med gyldig brukeravtale og brikke, får takst som kjøretøy i takstgruppe 1.
12. Det legges til grunn en ordning med timesregel som innebærer at det belastes for kun en passering per kjøretøy innenfor en periode på inntil en time, der tidsrommet starter ved den første registrerte passeringen. Ordningen omfatter begge bomsnittene, og gjelder både takstgruppe 1 og 2. Det er ikke krav om gyldig brukeravtale og brikke med en AutoPASS-utsteder.
13. Det legges til grunn en gjennomsnittstakst for Bypakke Kristiansund på inntil 17 kr i 2023-prisnivå. Gjennomsnittstaksten skal pristilpasses med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin byggekostnadsindeks for veganlegg fram til bompengeinnkrevingen starter opp. I innkrevingsperioden skal gjennomsnittstaksten justeres med SSB sin konsumprisindeks. På bakgrunn av forventet trafikksamsetning er det foreløpig beregnet følgende grunntakster i 2023- kr:
- |            | Takstgruppe 1 | Takstgruppe 2 |
|------------|---------------|---------------|
| Grunntakst | 32            | 64            |
14. Bompengeselskapet Vegamot får fullmakt til å pristilpassere gjennomsnittstaksten i innkrevingstiden i samsvar med SSB sin konsumprisindeks uten ytterligere lokalpolitisk behandling. Bompengeselskapet får videre fullmakt til å øke gjennomsnittstaksten opp til fastsatt gjennomsnittstakst ved behov i hele innkrevingsperioden, uten ytterligere lokalpolitisk behandling.

*Tilleggsvedtak for Møre og Romsdal fylkeskommune*

15. *Møre og Romsdal fylkeskommune garanterer ved selvskyldnerkausjon for et maksimalt låneneopptak for Vegamot AS, begrenset oppad til 1 388 mill. kr for lån til delfinansiering av Bypakke Kristiansund.*
16. *Garantibeløpet gjelder med tillegg av 10 prosent av til enhver tid gjeldende hovedstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostninger. Det samlede garantibeløpet blir følgelig 1 527 mill. kr.*
17. *Garantien omfatter også inngåtte sikringsavtaler tilknyttet prosjektets lånefinansiering.*
18. *Møre og Romsdal fylkeskommune har rett til å sikre garantiene med 1. prioritets pant i Vegamot AS rett til å innkreve bompenge i Bypakke Kristiansund, med tillegg av 10 prosent av til enhver tid gjeldende hovedstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostninger.*
19. *Garantien gjelder fra første opptrekk på finansieringen i forbindelse med rekvisisjoner fra Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevingsperioden på inntil 15 år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiforskriftenes § 3. Samlet garantitid blir, inkludert byggeperioden, på inntil 17 år fra første opptrekk på finansieringen i forbindelse med rekvisisjoner fra Statens vegvesen.*
20. *Møre og Romsdal fylkeskommune sitt garantiansvar reduseres i takt med den faktiske nedbetaling av Vegamot AS sin gjeld for Bypakke Kristiansund.*
21. *For å sikre bompengeinnkrevingen fra mulig kryssfinansiering frasier Møre og Romsdal fylkeskommune seg muligheten for regresskrav som går utover Vegamot AS sin innkrevingsrett for Bypakke Kristiansund i tilfeller der garantien kommer til anvendelighet.*
22. *Garantiene gis under forutsetning av Kommunal- og distriktsdepartementets godkjennning etter kommuneloven § 14-19 første ledd.*
23. *Kostnadsøkninger og/eller inntektssvikt i porteføljestyrte bompengepakker skal håndteres i den løpende porteføljestyringen og ikke gjennom økte takster eller forlenget innkreving. Garantistenes utlegg kan følgelig ikke dekkes ved å øke gjennomsnittstaksten eller forlenge innkrevingstiden utover det som blir fastsatt i stortingsproposisjonen for bypakken.*

*24. Møre og Romsdal skal bidra med driftsmidler til kollektivtransport, tilsvarende 2,5 prosent av investeringskostnadene i bypakken. Finansiering vert å kome tilbake til i økonomiprosessen.*

## 4 Trafikkgrunnlag

Framtidig trafikk gjennom dei planlagde bomstasjonane for Bypakke Kristiansund er rekna ut ved bruk av Regional transportmodell og empiriske data. Det totale talet på passeringar gjennom dei planlagde bomstasjonane er rekna til om lag 27 000 køyretøy i døgnet i prognoseåret 2030. Delen i takstgruppe 2 (tunge køyretøy) er rekna til om lag 6 pst. Modellkjøringane viser at innføring av bompengeinnkreving med det takstnivået som det er gjort framlegg om, vil redusere trafikken på rv. 70 med om lag 20 pst. samanlikna med ein situasjon utan bompengar.

Når innkrevjinga startar i bypakka i 2026, er trafikken gjennom dei to bomstasjonane rekna til om lag 26 000 køyretøy i døgnet.

Det er rekna at om lag 20 pst. av passeringane gjennom bomstasjonane får fritak på grunn av ordninga med timesregel.

Det er lagt til grunn ein trafikkvekst på 0,9 pst. i året i perioden fram til 2030 og ein årleg trafikkvekst på 0,3 pst. etter 2030. I desse prognosane er det teke omsyn til fylkesprognosar utarbeidde for Møre og Romsdal i samband med Nasjonal transportplan 2025–2036 og effekten av utbygging av rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen som er det største tiltaket i bypakka.

Den eksterne konsulenten vurderer Statens vegvesen sine rekningar av trafikkgrunnlaget i bomstasjonane som rimelege. Konsulenten reknar med ein litt høgare trafikk i opningsåret enn Statens vegvesen, noko som kjem av at konsulenten vurderer avvisinga av trafikken ved innføring av bompengar som lågare enn det Statens vegvesen har lagt til grunn. Samstundes reknar konsulenten ein noko lågare trafikkvekst etter 2030 enn Statens vegvesen, slik at skilnaden mellom konsulenten og Statens vegvesen sine tal blir jamna ut.

## 5 Finansieringsopplegg

Finansieringa av Bypakke Kristiansund er basert på bompengar, statlege midlar til nokre mindre investeringstiltak og fylkeskommunale midlar. I tillegg er det lagt til grunn at Kristiansund kom-

Tabell 5.1 Finansieringsplan for Bypakke Kristiansund i mill. 2025-kr

Finansieringskjelde	Før 2025	Fra 2025	Totalt
Fylkeskommunale midlar		41	41
Meirverdiavgiftskompensasjon		22	22
Statlege midlar	40	321	361
Bompengar		1 736	1 736
<b>Sum</b>	<b>40</b>	<b>2 120</b>	<b>2 160</b>

mune og Møre og Romsdal fylkeskommune skal føre all meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekta og tiltaka tilbake til bypakka.

#### *Fylkeskommunale og kommunale midlar*

Det er lagt til grunn at Møre og Romsdal fylkeskommune og Kristiansund kommune samla skal bidra med ein eigendel på minst 20 pst. av investeringane (ekskl. mva.) på fylkeskommunale og kommunale vegar. I tillegg er det føresett at all meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekta skal førast tilbake til bypakka. Det er førebels rekna at investeringar på det lokale vegnettet vil kunne bli på om lag 120 mill. kr inkludert meirverdiavgift. Refusjon av meirverdiavgift vil utgjere om lag 22 mill. kr. I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra med om lag 38 mill. 2023-kr til finansieringa av tiltak i bypakka. Rekna om til 2025-kr utgjer dette om lag 41 mill. kr, noko som svarer til ein eigenandel på om lag 42 pst. Desse to postane til saman utgjer om lag 63 mill. kr.

Endeleg nivå på den lokale eigendelen og kompensasjonen for meirverdiavgift er avhengig av kor stor del av investeringsmidlane som faktisk blir nytt til prosjekta og tiltaka på det kommunale og fylkeskommunale vegnettet.

#### *Statlege midlar*

Det er lagt til grunn om lag 300 mill. 2023-kr i statlege midlar til mindre investeringstiltak på rv. 70 i Bypakke Kristiansund. Rekna om til 2025-prisnivå utgjer dette om lag 321 mill. kr. Prioritering av statlege midlar til nokre mindre investeringstiltak i Bypakke Kristiansund vil skje innanfor rammene av mindre tiltak i Nasjonal transportplan 2025–2036 og må vurderast i samband med dei årlege statsbudsjetta. Før 2025 er det nytt om lag 40 mill.

kr til reguleringssplanarbeid på dei statlege tiltaka i bypakka, slik at det totale statlege bidraget til prosjekta i bypakka blir om lag 361 mill. kr.

#### *Bompengebidrag*

Bompengebidraget til investeringstiltak i Bypakke Kristiansund er rekna til å utgjere om lag 1 620 mill. 2023-kr. Rekna om til 2025-prisnivå utgjer dette om lag 1 736 mill. kr. Dette gir ein bompengedel på om lag 80 pst.

## **6 Bompengeopplegg**

Det er planlagt å etablere to bomstasjonar på rv. 70; ein ved Nordsundbrua og ein ved Omsundbrua, jf. figur 2.1. Plassering av bomstasjonane er avklart i samarbeid med lokale styresmakter og bompengeselskapet, der fleire alternative løysingar har vore vurderte. Det valde bompengeopplegget fungerer som ein bomring inne i byområdet utan moglegheiter for omkjøring. Det er lagt vekt på at dei som betalar bompengar, får del i den samla nytten av pakken. Det er òg lagt vekt på å unngå at mange får nytte utan at dei er med på å betale. I bypakkene gjeld det indirekte nytteprinsippet. Bypakkene inneholder fleire prosjekt som innverknad på heile transportinfrastrukturen i byområdet, og som til saman bidreg til auka framkome. Bruk av bompengar til kollektiv-, gang- og sykkeltiltak i Bypakke Kristiansund bidreg til å avlaste vegnettet, og kjem bilistane indirekte til gode gjennom auka framkome.

Bompengeopplegget har tovegs innkrevjing. To bomstasjonar inneber høg innkrevningsgrad med låge utgifter til investeringar og drift av bompengeinnkrevjinga. Det er ikkje andre pågåande bompengeprosjekt som inneber ytterlegare bompengebelastning i området. Mindre justeringar i plasseringane av bomstasjonane kan skje viss det

av tekniske eller andre årsaker viser seg nødvendig. Eventuelle endringar skal ikkje påverke trafikk eller inntekter i bypakka.

#### Takst- og rabattsysteem

Desse takstgruppene gjeld i alle bompengeanlegg i Noreg:

- Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg.
- Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå og med 3501 kg.

I samsvar med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst på 17 kr i 2023-prisnivå. Rekna om til 2025-prisnivå, er dette om lag 18 kr. Dette er førebels rekna å gi desse grunntakstane:

- Takstgruppe 1: 34 kr
- Takstgruppe 2: 68 kr

Det er lagt til grunn dette takst- og rabattsystemet:

- Køyretøy i takstgruppe 1 får 20 pst. brikkerabatt.
- Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 betalar 70 pst. av ordinær takst.
- Køyretøy i takstgruppe 2 får ikkje brikkerabatt.
- Nullutsleppskøyretøy og gasskøyretøy i takstgruppe 2 får fritak.
- Køyretøy registrerte i køyretøygruppe M1 (bubilar etc.) får takst som takstgruppe 1.
- Elektrisk driven varebil i takstgruppe 1 (N1) betalar 70 pst. av ordinær takst.

Det blir lagt opp til ein felles timesregel som omfattar begge bomstasjonane og eit passeringstak på 60 passeringar i månaden. Begge ordningane gjeld både takstgruppe 1 og 2. Alle rabattar, med unntak av timesregelordninga, føreset bruk av elektronisk brikke og gyldig brukaravtale. Takst-, rabatt- og friaksordningar skal følgje dei til ein kvar tid gjeldande takstretningslinjer.

#### Andre føresetnader

I tråd med gjeldande retningsliner for bompengeprosjekt er det lagt til grunn ei lånerente på 5,5 pst. dei ti første åra med lånepoptak, og deretter 6,5 pst. Innskotsrenta er sett til 1,5 pst. dei første ti åra, deretter 2,5 pst. Det er lagt til grunn ein årleg pris- og takstauke på 2,0 pst. I dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at bompengeselskapet Vegamot AS får fullmakt til å pristjustere gjennomsnittstaksten i innkrevjingsperioden i samsvar med konsumprisindeksen til Stati-

stisk sentralbyrå og å auke takstane slik at fastsett gjennomsnittstakst blir oppnådd, utan ytterlegare lokalpolitisk handsaming.

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag tolv år. Lokale styremakter har likevel lagt til grunn innkrevjing av bompengar i inntil 15 år i sine vedtak, noko som er standard innkrevjingstid i bompengeprosjekt. Dette inneber at innkrevjinga kan bli avslutta tidlegare viss tiltaka i prosjektporleføljen er gjennomførte, eller halde fram i inntil 15 år for å få gjennomført ønskte prosjekt i prosjektporleføljen eller marginalista viss lokale styremakter ønskjer det.

I finansieringsanalysen er brutto bompengeinntekter rekna til om lag 2 104 mill. kr. Av dette er 1 736 mill. kr føresett nytt til å dekkje delar av investeringskostnadene, om lag 238 mill. kr til å dekke finansieringskostnader og om lag 130 mill. kr til innkrevjingskostnader og kostnader til drift av bompengeselskapet.

Statens vegvesens kostnader til etablering av dei to bomstasjonane er rekna til 4 mill. kr. I tillegg kjem bompengeselskapet sine kostnader til innkjøp av innkrevjingsutstyr, rekna til om lag 4 mill. kr. Totalt blir kostnadene til innkjøp og etablering av bomstasjonane om lag 8 mill. kr. Det er vidare rekna at bompengeselskapet sine årlege innkrevjings- og driftskostnader blir 11 mill. kr. Desse kostnadene inkluderer òg kostnaden for å fjerne og setje vegen i stand etter at innkrevjinga er avslutta.

## 7 Styring av Bypakke Kristiansund

Bypakke Kristiansund vil bli gjennomført etter prinsippa for porteføljestyring, der ansvaret for porteføljestyring av prosjekta er lagt til ei styringsgruppe med representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Kristiansund kommune og Statens vegvesen. Styringsgruppa vil bli leia av Kristiansund kommune. Arbeidet med porteføljestyringa skal skje gjennom ei årleg rullering av eit fireårig handlingsprogram med hovudvekt på mål- og resultatstyring.

Som for andre bypakkjer er det føresett at omfanget av utbygginga i Bypakke Kristiansund må tilpassast tilgjengelege inntekter innanfor rammene av den fastsette gjennomsnittstaksten, fylkeskommunal lånegaranti og den fastsette innkrevjingstida. Viss økonomien i bypakka blir dårlagare enn venta og/eller nokre prosjekt blir dyrare enn opphavleg rekna, må det kuttast i den vedtekne prosjektporleføljen. Blir økonomien i bypakka betre enn venta og/eller nokre prosjekt blir rimelegare enn opphavleg rekna, er det lagt til

grunn at tiltak frå marginallista kan gjennomførast. Alternativt kan takstane og/eller innkrevjingsperioden bli redusert, under føresetnad av at bomselskapet sine låneforpliktingar er oppfylte. Den prioriterte prosjektlista og marginallista, som er vedteken av Kristiansund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune, blir lagt til grunn for bypakka. Det første handlingsprogrammet blir fastsett så snart som mogleg etter at bypakka er behandla av Stortinget.

## 8 Fylkeskommunal garanti

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok 10. juni 2024 å stille garanti ved sjølvskuldnerausjon for eit maksimalt låneopptak på 1 527 mill. kr. Garantibeløpet inkluderer eit tillegg på 10 pst. av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til å dekkje eventuelle komande renter og omkostingar.

Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og distriktsdepartementet.

Som ein følge av porteføljestyring av bypakka kan ikkje utlegga til garantisten dekkjast gjennom ein auke i gjennomsnittstaksten ut over den fastsette gjennomsnittstaksten og/eller forlenging av innkrevjingsperioden.

## 9 Samferdselsdepartementet si vurdering

Møre og Romsdal fylkeskommune og Kristiansund kommune har vedteke ei bompengepakke som er sett saman av ei rekke transport- og bymiljøtiltak. Bypakka vil bidra til ei miljøvenleg og framtidssretta utvikling av transporttilbodet i Kristiansund, gjennom betra tryggleik og framkome for alle trafikantgrupper.

Det er lokalpolitisk semje om føreslått opplegg for utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund, og Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke å stille garanti for bompengelånet. Det er lagt til grunn ein innkrevningsperiode på 15 år. Samferdselsdepartementet tilsår derfor at Stortinget sluttar seg til det føreslattede opplegget for utbygging og delvis finansiering av Bypakke Kristiansund, jf. forslag til romartalsvedtak.

Både Bypakke Kristiansund og prosjektet rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen har vore gjennom eksternt kvalitetssikring etter statens prosjektmodell (KS2). KS2-prosessen har ikkje avdekt vesentlege feil eller manglar i det faglege grunnlaget, korkje for det store prosjektet eller for bypakka som heilskap. Den eksterne konsu-

lenten tilsår noko høgare kostnader for prosjektet rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen og for nokre andre tiltak i bypakka enn det Statens vegvesen opphavleg føreslo. Samferdselsdepartementet viser til at Statens vegvesen er samd i kostnadsvurderingane som den eksterne konsulenten har gjort gjennom KS2-analysen og legg derfor den eksterne konsulenten si tilråding for kostnader til grunn for det vidare arbeidet med bypakka. På denne bakgrunnen føreslår Samferdselsdepartementet ei kostnadsramme for det store prosjektet rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen på 1 427 mill. 2025-kr, jf. forslag til romartalsvedtak. Styringsramma blir sett til 1 226 mill. kr. Som grunnlag for seinare prisomrekning blir prisnivået i 2023 nytt som referanse.

Kostnadene for aktuelle prosjekt og tiltak innanfor Bypakke Kristiansund, slik bypakka er vedteken lokalt, er etter KS2 rekna til om lag 2,2 mrd. 2025-kr. RV. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen blir fullfinansiert med bompengar. Finansieringa av Bypakke Kristiansund er i tillegg til innkrevjing av bompengar basert på statlege midlar til nokre mindre investeringstiltak og fylkeskommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgifta som staten refunderer for prosjekta og tiltaka i bypakka. Kravet om lokal eigendel på minst 20 pst. for investeringar på fylkeskommunale eller kommunale prosjekt er oppfylt for Bypakke Kristiansund.

Det blir lagt opp til aktiv porteføljestyring av bypakka, og det er balanse mellom inntekter og kostnader i porteføljen som blir lagt fram. Etter Samferdselsdepartementet si vurdering er oppleget for styring av Bypakke Kristiansund i samsvar med gjeldande føringar og retningslinjer for porteføljestyrt bypakker.

Departementet understrekar at prosjekta i porteføljestyrt bypakker skal gjennomførast innanfor rammene av fastsett gjennomsnittstakst, fylkeskommunal lånegaranti og innkrevjingstid på inntil 15 år.

## 10 Avtale

Etter at Stortinget har gjort vedtak om delvis bompengefinansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal vil det bli inngått ein prosjektavtale mellom Statens vegvesen v/Vegdirektoratet og bompengeselskapet om innkrevjing av bompengar. Bompengeselskapet vil inngå ein finansieringsavtale med oppdragsgivarsida i bypakka, som regulerer rekvirering av bompengemidlane i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget  
om utbygging og finansiering av Bypakke  
Kristiansund i Møre og Romsdal.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre  
og Romsdal i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til vedtak om utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal**

#### I

Fullmakt til å forplikte staten for investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2025 kan:

Starte opp, medrekna føreta bestillingar og gi tilsegn i dette investeringsprosjektet:	Innanfor ei kostnadsramme på:
Rv. 70 Vikansvingen–Kontrollplassen	1 427 mill. kroner

Fullmakta gjeld øg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjektet. Samferdselsdepartementet blir gitt fullmakt til å pris- og valutakursjustere kostnadsramma i seinare år.

#### II

Fullmakt til bompengefinansiering

1. Stortinget sluttar seg til utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal.
2. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet Vegamot AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal. Vilkåra for finansieringa går fram av denne proposisjonen.
3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet Vegamot AS om utbygging og finansiering av Bypakke Kristiansund i Møre og Romsdal. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor vilkåra i denne proposisjonen.





